

# Var 6-årsreforma i skolen eit feilsteg?

Av Sigmund Sunnanå

I 1997 bestemte Stortinget at 6-åringane skulle overførast frå barnehagen til skolen. Frå vera dei eldste i barnehagen blei 6-åringane nå dei yngste i skolesystemet. Endringa blei innført med den klåre føresetnaden at dei nye førsteklassane skulle fungere som ein mjuk overgang frå barnehagen til skolen med stor vekt på leikeprega aktivitetar.

Desse førestnadene galdt berre til rangeringa på Pisa-undersøkingane blei det viktigaste i norsk skolepolitikk. Dei første Pisaundersøkingane i 2001 plasserte vårt land lenger nede på rangeringsskalaen enn mange hadde venta. Det kom krav om styrking av det faglege nivået i skolen generelt, og spesielt i norsk, matematikk og engelsk som var dei faga som blei undersøkt i Pisa. Ei rekkje styrkingstiltak blei sette i verk. Kunnskapsløftet frå 2006 la mellom anna opp til at den systematiske opplæringa i norsk, matematikk og engelsk skulle starta alt i 1. klasse.

Frå 2001 har Pisaundersøkingane hatt stor politisk merksemd. Alle regjeringar uansett farge har sett i verk tiltak for å styrkja det faglege nivået i dei teoretiske faga. Tiltaka synest likevel ikkje å ha ført til betre rangering på Pisa.

Undersøkingar professor Tom Are Trippestad ved Høgskolen på Vestlandet har gjort, viser at det er små variasjonar på den norske rangeringa på Pisa i dei siste 16 åra. Reultatata i 2017 er i dag nokolunde like dei i 2001. Den viktigaste endringa som har skjedd i perioden, er at talet på elevar med stressymtom og psykiske vanskar har auka.

Ei rekkje forteljingar frå foreldre og lærarar gir inntrykk av at læringsmiljøet for 6-åringane er krevjande og stressande. Det ser ut til at prinsippet om tidleg innsats har fått ei tolking som flytter mål og forventningar om læringsresultat i teoretiske fag nedover i aldersgruppene. 6-åringane inngår også i eit omfattande mål-, vurderings- og karleggingsregime. Barna i første klasse får til dømes vekeplanar med formulerte mål som det til og med kan vera vanskeleg for foreldre å forstå, og elevane blir vurderte i forhold til måloppnåing. Barn som ikkje maktar å nå dei mål som er sette, kan lett føla at dei kjem til kort noko som fører til mismot og mistrivsel, og gir grunnlag for minkande interesse, lærelyst og skolevegring. Slike negative haldningar til læring og skole kan balla på seg gjennom den obligatoriske skoletida og enda med fråfall i vidaregåande opplæring.

Dei fleste 6-åringar har ein lang arbeidsdag: først skole, så SFO og så gjerne fritidsaktiviteter etterpå. Det kan vera ulike syn på lekser, men etter mi meining bør i alle fall ikkje elevane i 1.- 4. klasse påleggjast lekser.

Etter initiativ frå SP og KRF har Stortinget vedteke at 6-årsreforma skal evaluerast. Utdanningsdirektoratet er i gang med fornying av det faglege innhaldet i skolen mellom anna med tanke på å styrkja dei praktiske og estetiske faga.

6-åringane skal starta eit langt og krevjande skoleløp. Dei bør derfor få ein god og positiv start som skaper lærelyst, sjølvstende og oppleving av meistring. Innhald og arbeidsformer bør vera prega av læring gjennom leik og sosiale og kulturelle aktivitetar. Det kan vera stor skilnad i modningsnivå hos 6-åringar. Tidleg innsats bør mellom anna bety at barn med funksjonsvanskar får tilpassa opplegg.

Etter mi meining synest det som om dagens skoleopplegg er mindre godt tilpassa mange 6-åringar. Det er derfor viktig med ei grundig og fordomsfri vurdering. I den samanhengen kan det kanskje også vera aktuelt å ta ei ny vurdering av om 6-åringane bør gå i barnehage eller skole? Norge er eit rikt land. Vi treng i alle fall ikkje ta barndommen frå barna våre.